

SAK 10-19 ÅRSBUDSJETT 2020 OG ØKONOMIPLAN 2020 – 2023

Saksopplysning

I tillegg til årleg driftsbudsjett for Regionrådet skal det utarbeidast økonomiplan/handlingsprogram. Bakgrunn for økonomiplan/handlingsprogram er:

- Strategisk plan for Hallingdal
- Årsbudsjett for 2019 og økonomiplan og handlingsprogram for 2019 – 2022, Hallingtinget sak 11/18.

Driftsbudsjettet for 2020

Driftsbudsjettet for 2020 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2018, budsjett for 2019 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret. Totalt er det for 2020 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 600.000, som vil bli refundert frå prosjekt.

Tilskot frå kommunane er budsjettert med kr. 2.020.000, som er ei auke på kr. 60.000 frå 2019, eller ca. 3,1%. Kommunal deflator for 2020 berekna til 3,1%, der lønnsvekst er 3,6%.

Det blir vurdert som viktig å halde fram med det offensive arbeidet Regionrådet driv med.

Det er kommunane som i stor grad må dekkje drifta av Regionrådet.

Vedlegg 1 syner forslag til driftsbudsjett for 2020.

Vedlegg 2 syner forslag til kostnadsdeling mellom kommunane for 2020.

Vedlegg 3 syner oversikt kommunalt tilskot til Regionrådet frå 2015

Post 25699850 Disposisjonfond

Disposisjonsfond var 31.12.2018 på kr. 912.425 med fråtrekk underskot 2018 på kr. 70.403 og feilføring av for mykje renteinntekter 2017 på kr. 62.348 er disposisjonsfond på kr. 779.674.

For 2020 er det lagt inn bruk av disposisjonsfond med kr. 50.000.

I sak 11-18 rådde Hallingtinget til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 800.000 ved starten av året:

- *Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.*
- *Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.*
- *Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.*

Strategisk plan for Hallingdal

Strategisk plan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Det må likevel vera rom for å kunne støtte tiltak som kjem opp undervegs sjølv om det ikkje er ein del av denne. Når det gjeld gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og finansiering av desse skjer dette m.a. via avsette midlar frå det regionale næringsfondet, tilskot frå kommunane og ulike verkemiddelpostar som det kan søkjast midlar frå.

Ut frå nasjonal politikk er det frå og med 2017 ikkje utviklingsmidlar frå Buskerud fylkeskommune (partnarskapsavtala), som tidlegare har vore i storleik 2,5 mill. kroner pr. år.

I tillegg skal midlar i det regionalt næringsfond vera nytta/disponert i løpet av 2019.

Det blir og arbeid kontinuerleg via heile verkemiddelapparatet, for å styrke finansieringa av prioriterte tiltak.

Strategisk plan for Hallingdal vil kunne ha tiltak som blir gjennomført av Regionrådet eller Rådmannsutvalet, og det er tiltak som det kan vera naturleg at Regionrådet og Rådmannsutvalet samarbeida om. Men dei fleste tiltaka er det eksterne aktørar som har ansvaret for.

Samandrag økonomiplan 2020 – 2023 (2019-kroner)

TILTAK	2020	2021	2022	2023
Driftsbudsjett	2.912.000	2.960.000	3.010.000	3.060.000
Tiltak Strategisk plan (eksternt og internt)	1.800.000	1.800.000	1.800.000	1.800.000
SUM	4.712.000	4.760.000	4.810.000	4.860.000

Finansiering

TILTAK	2020	2021	2022	2023
Kommunane, driftsbudsjett	2020.000	2.150.000	2.280.000	2.410.000
Eigeninnsats	600.000	600.000	500.000	400.000
Renter	240.000	200.000	150.000	100.000
Kommunane, disposisjonsfond	50.000	50.000	50.000	-
Kommunane, tiltak Strategisk plan	800.000	900.000	900.000	900.000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	1.002.000	860.000	930.000	1050.000
Regionalt næringsfond	0	0	0	0
SUM	4.712.000	4.760.000	4.810.000	4.860.000

Regionrådet for Hallingdal handsama budsjett i sak 55/19.

Innstilling frå Regionrådet:

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

- Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2020, med ei kommunal finansiering på kr. 2.020.000.
- Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2020, frå kommunane i Hallingdal.
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2020 – 2023. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2020.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
- Hallingtinget ber rådmannutvalet om å førebu ei sak om budsjettprosess for interkommunale samarbeid.

Forslag til vedtak

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2020, med ei kommunal finansiering på kr. 2.020.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2020, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2020 – 2023. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2020.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
7. Hallingtinget ber rådmannutvalet om å førebu ei sak om budsjettprosess for interkommunale samarbeid.

Ål 20.10.2019

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2020.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2020

Vedlegg 3: Oversikt kommunalt tilskot til Regionrådet frå 2015

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2020

KONTO TEKST	BUDSJETT FOR 2020	BUDSJETT FOR 2019	REKNESKAP FOR 2018
ADMINISTRASJON			
10100 Løn	1 580 000	1 540 000	1 423 131
10990 Arbeidsgjevaravgift	180 000	170 000	179 325
10900 Pensjon	270 000	225 000	262 441
11900 Husleige	90 000	80 000	89 300
11301 Telefon	10 000	8 000	15 354
11300 Porto	1 000	2 000	564
11000 Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.	5 000	5 000	8 158
12000 Inventar og utstyr	10 000	10 000	8 496
11501 Reiseutgifter, adm.	75 000	75 000	68 110
11151 Møteutgifter	20 000	15 000	32 053
11500 Kurs, konferansar	10 000	10 000	7 609
11402 Brevark, konvoluttar, logo, profilering	5 000	10 000	0
11951 Lisensavgifter	70 000	70 000	69 074
11209 Ymse utgifter administrasjon	20 000	20 000	36 389
13750 Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	25 000	20 000	46 527
SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER	2 371 000	2 260 000	2 246 529
POLITISK DEL			
10800 Godtgjersle leiar	47 000	46 000	42 500
10801 Møtegodtgjersle	40 000	40 000	22 123
10990 Arbeidsgjevaravgift	9 000	9 000	6 850
11151 Bevertning	70 000	70 000	103 465
11501 Reiseutgifter	60 000	60 000	96 821
11950 Kontingent (Fjellregionsamarbeidet)	90 000	100 000	62 352
11209 Ymse utgifter Regionrådet	20 000	20 000	11 388
12700 Konsulenttenester og juridisk bistand	5 000	5 000	
14700 Tilskot "Dølaminne"	6 000	6 000	6 000
Drift Hallingdal Ungdomsråd	194 000	194 000	192 000
SUM UTGIFTER REGIONRÅDET	541 000	550 000	543 499
TOTALE KOSTNADER	2 912 000	2 810 000	2 790 028
INNTEKTER			
17500 Frå kommunane etter fordeling, drift	2 020 000	1 960 000	1 915 000
3999 Eigeninnsats prosjekt, refundert	600 000	600 000	565 000
19000 Renter av bankinnskott	240 000	200 000	239 625
19400 Bruk av disposisjonsfond	52 000	50 000	70 403
SUM INNTEKTER	2 912 000	2 810 000	2 790 028

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

FORDELING AV KOSTNADER 2020

FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % etter deltakarer i regionrådet

70 % etter folketal (utgang 2. kvartal 2019)

BUDSJETT 2 020 000

FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal 1.4.2018

BUDSJETT 800 000

DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2019


BUDSJETT 0

KOSTNAD PR. KOMMUNE:

KOMMUNE	INNB.	1.1-30.6	1.7-31.12	DRIFT	STR.PLAN	DISP	TOT SUM	TOT SUM	%
						FOND	2020	2019	ENDRING
Flå	1057	86 860	86 860	173 719	41 142	0	214 862	210 809	1,92
Nesbyen	3314	164 498	164 498	328 996	128 993	0	457 989	449 842	1,81
Gol	4575	207 875	207 875	415 750	178 076	0	593 826	581 559	2,11
Hemsedal	2496	136 360	136 360	272 719	97 154	0	369 873	357 102	3,58
Ål	4649	210 420	210 420	420 841	180 957	0	601 797	586 840	2,55
Hol	4462	203 988	203 988	407 976	173 678	0	581 653	573 848	1,36
SUM	20553	1 010 000	1 010 000	2 020 000	800 000	0	2 820 000	2 760 000	

Ål 10.10.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar



- Auke budsjett Hallingdal Ungdomsråd (HUR) og Fjellnettverket, 2016 – 2017, skuldast i fyrste rekke auke i kontingent Fjellnettverket.
- Auke budsjett HUR og Fjellnettverket, 2017 – 2018, skuldast at medlemmer i HUR frå 2018 får møtegodtgjersle.
- Tall 2020 er som forslag budsjett
- Auke drift og strategisk plan (2015 – 2020) er totalt ca. 9,5%
 Konsumprisindeks 2016 – sept. 2019 er 9,5%
 Kommunal deflator for 2020 berekna til 3,1%

Hallingdal 10.10.2019

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar